



Blir dette Hauglandsvegen?

Onsdag 27. juni skal forvaltningskomiteen bestemme mange vegnamn i kommunen og for Uskedalen gjer han forslag om Kjerlandssido, Døslandssido, Hauglandsvegen og Muslandsvegen. Dermed er innstillinga frå den kommunale stadnamn-nemnda sett til side og rådmannen har teke omsyn til ytringar som har kome frå "grasrota".

Nemnda hadde forslag om Kjærlandsvegen, Døslandsvegen og Muslandsvegen. Muslandsvegen var utifrå dette forslaget vegen frå Haugland og opp dalen. Forslaget var i tråd med meininga til Uskedalen utvikling.



Blir dette Kjerlandssido?

Dette er rådmannens forslag i detalj:

- * Kjerlandssido er vegen som tar til ved riksvegen og går over Kjerland fram til gardsgrensa mot Haugland.
- * Døslandssido er vegen som tar til ved riksvegen og går over Fet og Døsland fram til gardsgrensa mot Haugland.
- ' Hauglandsvegen er vegen som går frå Døslandssido og Kjerlandssido over garden Haugland fram til gardsgrensa mot Musland.
- * Muslandsvegen er vegen som går frå Hauglandsvegen og opp dalen.



Blir dette Døslandssido?

Innbyggjarane på Haugland reagerte på namnet Muslandsvegen. For dei er det ein klar grense mellom Haugland og Musland og dei ynskjer ikkje å blanda desse namna.

- Det vert både geografisk og historisk feil for oss å bu i Muslandsvegen, skreiv dei i ei uttale der dei og viste til at det bur fleire på Haugland enn på Musland og at det er to kulturminne på Haugland. Difor meinte dei og at det er naturleg med skilt til Haugland frå riksvegen.

På Haugland er det 15-16 bruksnummer, 20 husstander og nokre fritidsbustader. Her ligg Haugland Skulemuseum og 'Gravhaugane på

Haugland.'

Innbyggjarane gjekk inn for at vegen frå Hauglandskrysset til grensa mot Musland skulle heita Hauglandsvegen

og har altså fått gjennomslag hos rådmannen. Det heiter i saksutgreiinga hans at "det bur så mange på denne garden at vi kan tilrå eige vegnamn" .

Det kom også innspel for Kjærlandsssio og Døsslandssio. I saksutgreiinga vises det til at det har vore innlegg på uskedalen.no om det same og det er stadfesta frå andre hald at det er desse namna som vert brukt i daglegtale.

Mange i Uskedalen skriv Kjærland som slektsnamn, men namnet skal koma av fiskereidskapen kjer og rette skrivemåten på stadnamnet vert då Kjerland. Dette er og brukt på eindel kart.

Av Ola Matti Mathisen



[Blir dette Muslandsvegen?](#)